



SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Protokoll for generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS 6.juni 2024 kl. 13:00 i selskapet sine lokaler på Sandane

Frå aksjonærane møtte:

Sogn og Fjordane Holding v/ Jenny Følling	3 834 904 aksjar
Eviny AS v/ Ragnhild Janbu Fresvik	2 850 413 aksjar
Kinn kommune v/ Frank Willy Djuvik etter fullmakt	359 306 aksjar
Bremanger Eigedom AS v/Anne Kristin Førde	191 243 aksjar
Gloppen kommune v/ Arnar Kvernevik	267 577 aksjar
Askvoll kommune v/Ole Andre Klausen	114 471 aksjar
Sunnfjord kommune v/Jenny Følling	5 962 aksjar
Stad kommune v/ Judith Margrethe Kvåle etter fullmakt	122 023 aksjar

Dessutan møtte:

Sogn og Fjordane Energi AS v/styreleiar Sigurd Reksnes
Sogn og Fjordane Energi v/styremedlem Olin Johanne Henden
Sogn og Fjordane Energi v/styremedlem Ragnhild Gundersen
Sogn og Fjordane Energi v/styremedlem Kevin Denton
Sogn og Fjordane Energi v/styremedlem Silje Skaar Sunde
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsjef Knut Arild Flatjord
Sogn og Fjordane Energi AS v/økonomisjef Martin Holvik
Sogn og Fjordane Energi AS v/kraftverksjef Bjarte Lofnes Hauge
Sogn og Fjordane Energi AS v/leiar Energi og Marknad Bengt Haugnes
Sogn og Fjordane Holding AS v/ dagleg leiar Svein Øverland
Eviny AS v/Ketil Konglevoll
Ernst & Young AS v/revisor Finn Espen Sellæg (deltok digitalt via Teams)

100,00 % av aksjekapitalen var representert.

Sak nr. 1: Val av møteleiar

Samrøystes vedtak:

Jenny Følling vert vald som møteleiar.

Sak nr. 2: Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Samrøystes vedtak:

Ragnhild Janbu Fresvik vert vald til å skrive under møteboka saman med møteleiar.

Sak nr. 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak nr. 4: Fastsetting av rekneskap og disponering av resultat for 2023, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2023 for selskapet Sogn og Fjordane Energi AS og konsernet Sogn og Fjordane Energi.

Samrøystes vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2023 med eit overskot på kr 531.036.617 for morselskapet og eit overskot på kr 555.986.725 for konsern og ein totalbalanse på kr 6.154.068.917 for mor og kr 8.595.004.828 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte for 2023 på kr 32,79 pr aksje, totalt kr 253.988.028.

3. Generalforsamlinga vedtek slik disponering av årsoverskotet i mor-selskapet:

Avsett til utbytte	kr	253.988.028
Overført til fond for vurderingsforskjellar	kr	457.684.915
<u>Overført frå annan eigenkapital</u>	kr	<u>- 180.636.326</u>
<u>Sum disponert:</u>	kr	<u>531.036.617</u>

4. Generalforsamlinga tek styret si melding for 2023 til vitande.
5. Generalforsamlinga tek meldinga frå revisor til vitande.

Sak nr. 5: Godkjenning av honorar for revisor

Samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner revisor sine honorar for 2023 på kr 463.000,- for morselskapet og kr 775.000,- for konsernet totalt.

Sak nr. 6: Val av medlemmer til styret og valnemnd

Valnemnda sitt framlegg til styre i SFE:

Silje Skaar Sunde 1 år, attval. Personleg varamedlem: Ketil Konglevoll 1 år, attval
Olin Johanne Henden 2 år, attval. Personleg varamedlem: Britt Dalsbotn 2 år, attval
Arvid Andenæs 2 år, attval. Personleg varamedlem: Sonja Indrebø 2 år, ny.
Ingvill Hestenes, 2 år, ny. Personleg varamedlem: Oddmund Klakegg 2 år, attval

Styreleiar: Olin Henden, ny 2 år
Nestleiar: Silje Skaar Sunde, attval 1 år

Valnemnda si tilråding til valnemnd for SFE frå 2024:

Arve Helle, 2 år
Ragnhild Janbu Fresvik, 2 år
Arnar Kvernevik, 2 år

Leiar: Arve Helle

Samrøystes vedtak:

Silje Skaar Sunde 1 år, attval. Personleg varamedlem: Ketil Konglevoll 1 år, attval
Olin Johanne Henden 2 år, attval. Personleg varamedlem: Britt Dalsbotn 2 år, attval
Arvid Andenæs 2 år, attval. Personleg varamedlem: Sonja Indrebø 2 år, ny.
Ingvill Hestenes, 2 år, ny. Personleg varamedlem: Oddmund Klakegg 2 år, attval

Hestenes erstattar Reksnes som styremedlem.

Styreleiar: Olin Henden, ny 2 år
Nestleiar: Silje Skaar Sunde, attval 1 år

Valnemnd frå 2024:

Arve Helle, 2 år
Ragnhild Janbu Fresvik, 2 år
Arnar Kvernevik, 2 år
Leiar: Arve Helle

**Sak nr. 7: Fastsetting av honorar for styremedlemer og medlemmer av
 revisjonsutvalet**

Valnemnda sitt framlegg til honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet:

Satsane for 2023:

Styreleiar	fast honorar	201.000,-
Nestleiar	fast honorar	111.000,-
Styremedlem	fast honorar	96.700,-

Varamedlemmer møtegodtgjersle på 5.630,-

Medlemmer i revisjonsutvalet:

Leiar og medlemmer av fast honorar på 32.800,-

Satsane for 2023 vert regulerte med 4 %.

Nye satsar gjeld frå 01.07.24

Samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:

Styreleiar	Fast honorar på kr	209.000.
Nestleiar	Fast honorar på kr	115.400
Medlem	Fast honorar på kr	100.600

Varamedlem Møtehonorar på kr 5.855.

Til medlemmer av revisjonsutvalet vedtek generalforsamlinga følgjande godtgjersle:


Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 34.100

Endra godtgjersla gjeld frå 01.07.2024

Sak nr. 8: **Orientering om retningslinjer for godtgjersle for leiande tilsette**

Samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa om godtgjersle til leiande tilsette til vitande.


Jenny Følling


Ragnhild Janbu Fresvik